

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/8221-1

Budsjett 2016 - sektorbudsjett for opplæring Målekart for 2016

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til konkretisering av budsjettet for 2016.

Målekartet vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Fylkestinget handsama Økonomiplan 2016-2019 i juni 2015 (FT-sak 26/15). I punkt 3 i vedtaket heiter det:

3. Tilrådde tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2016.

I tråd med vedtaket i økonomiplansaka legg fylkesdirektøren med dette fram sak med konkretisering av vedtekne innsparingstiltak i budsjettet for 2016.

Fylkesdirektøren kjem i saka også med tilråding til målekart for 2016.

Vedtekne utgreiingsoppdrag med frist i 2016 skal handsamast som ein del av budsjett og økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016. Desse utgreiingane er difor ikkje ein del av denne saka.

2. Endring av den økonomiske ramma for opplæring

I det samla budsjettoplegget frå fylkesrådmannen, arbeidsdokument 5/15 vert den økonomiske ramma for opplæring tilrådd endra i samsvar med tabellane under:

Vidareføring av budsjettendringar i tertialrapport 2/15:

	2016	2017	2018-2019
Utgifter til lokale	-2,380	-2,380	-2,380
Forvaltning og fellesutgifter	-0,500	-0,500	-0,500
Sektorintern utvikling - sentral pott	-0,300	-0,300	-0,300
Gjesteelevar	-0,500	-0,500	-0,500
Leige av opplæringsfartøy	0,500	0,500	0,500
Jordbruksskulegardar	-0,100	-0,100	-0,100
Tilskot til lærebedrifter	-1,000	-1,000	-1,000
Fagprøvar	0,500	0,500	0,500
Netto endring	-3,780	-3,780	-3,780

Forsering av innsparingskrav som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen

I tertialrapport 2/15 vert budsjettet for utgifter til lokaler og forvaltning og fellesutgifter endra som følgje av forsering av innsparingskrav i skulebruksplanen. Fylkesrådmannen rår no til at endringane vert vidareførte i økonomiplanen slik:

	2016	2017	2018-2019
Utgifter til lokale	-2,120	-1,820	-1,420
Forvaltning og fellesutgifter	-0,900	-0,500	
Sum forsering	-3,020	-2,320	-1,420

1,420 mill kr av forseringa skuldast husleige på Luster vidaregåande skule og er først innarbeidd i økonomiplanen frå hausten 2020.

I tillegg kjem budsjettendringar knytt til særskilde saker i opplæringssektoren:*Nytt skuleadministrativt system*

Det er i gjeldande økonomiplan innarbeidd følgjande løyving til kjøp og utvikling av nytt skuleadministrativt system:

	2016	2017
Investeringskostnader sentralt innføringsprosjekt	2,189	1,089
Driftskostnader		1,011
Frikjøp lokalt innføringsprosjekt	1,300	0,400
Sum	3,489	2,500

Vigo IKS og fylkeskommunen har no estimert kostnadane ved sentralt og lokalt innføringsprosjekt i 2016 slik:

	Kostnadsestimat 2016	Kostnadsauke i 2016 i høve vedteken økonomiplan
Investeringskostnader sentralt innføringsprosjekt	2,974	0,785
Frikjøp lokalt innføringsprosjekt	1,300	
Systemkostnader lokalt innføringsprosjekt	1,058	1,058
Prosjektleiing lokalt innføringsprosjekt	1,000	1,000
Sum	6,332	2,843

Det er enno ikkje stipulert justerte utviklingskostnader for 2017. Fylkesrådmannen vil leggje fram kostnadsoverslag for 2017 så snart dette ligg føre. Kostnader ved prosjektleiing for lokalt mottaksprosjekt må påreknast også i 2017.

Fylkesdirektøren rår til at budsjettet for fellesutgifter vert styrka med 2,843 mill. kr i 2016 og 1,0 mill. kr i 2017.

Gjesteelevar – endra lokal forskrift om inntak

I FT-sak 19/15 handsama fylkestinget «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Presisering av §2 Inntaksområde - kriterium for tungtvegande grunnar.»

Som det går fram av saksutgreiinga til denne saka er kostnadane knytt til denne presiseringa av den lokale forskrifta vurdert til minst 1,0 mill. kr pr. år.

Fylkesdirektøren vil også nemne at det frå kunnskapsministeren, gjennom media, er signalisert at det kan bli innført fritt skuleval over fylkesgrensene. Ei slik ordning vil truleg ha påverknad på kostnadsbiletet når det gjeld gjesteelevar. Fylkesdirektøren avventar ei høyring knytt til dette.

Fylkesdirektøren rår til at budsjettet for gjesteelevar frå 2016 vert styrka med 1 mill. kr årleg.

Realisering av vedteke innsparingskrav

Økonomiplan 2016-2019 legg til grunn at dei mellombelse innsparingstiltaka, som vart sette i verk for å få balanse i 2015 og 2016, vert vidareførte på permanent basis.

Eitt av innsparingstiltaka, reduksjonen i ramma for skule- og tilbodsstruktur, skal iverksettast først frå hausten 2016. Verknaden i 2016 er rekna til om lag 1,1 mill. kr, med heilårsverknad 2,4 mill. kr frå 2017. Dette innsparingstiltaket var i saksutgreiinga frå fylkesdirektøren knytt til å avvikle Hordalandsavtalen frå hausten 2016 (HO-sak 24/14). Etter vedtak i HO i saka er innsparingskravet uspesifisert.

Fylkesdirektøren tilrår no at det uspesifiserte innsparingskravet vert dekkja inn gjennom innsparte midlar på sektoren.

Drifta av opplæringstilbodet

I arbeidet med skulebruksplanen nytta fylkesrådmannen tal på elevar frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) som grunnlag for dimensjonering av elevtal inn i vidaregåande opplæring i perioden 2014-2016. I arbeidet nytta ein GSI-tal for skuleåret 2011-2012 som grunnlag for elevtalsutviklinga. På det tidspunktet var nedgangen i tal elevar inn i vidaregåande opplæring fram til 2021 betydeleg. GSI-tala som er publiserte i åra etter syner ein mindre nedgang i tal elevar frå grunnskulen. Endringa frå 2011 til 2014 er om lag 170 fleire elevar. Dette skuldast innflytting til fylket, noko som er særers positivt. Samstundes endrar dette føresetnadane for den økonomiske ramma til opplæringssektoren.

Det er i økonomiplanen lagt til grunn at tal grupper, som følgje av elevtalsreduksjonen, skal reduserast med 26 i perioden 2014-2016. Det vart sett i verk ein reduksjon på netto ni grupper for skuleåret 2015/16. Det står då att eit nedtak i høve gjeldande føresetnader på 17 grupper dei to komande skuleåra.

Ut i frå dei sist publiserte GSI-tala meiner fylkesrådmannen at det ikkje vil vere mogleg å redusere gruppetalet med meir enn maksimalt 11 grupper skuleåret 2016-2017 og ytterlegare med to grupper varig frå skuleåret 2017-2018. Dette fører til at rammene for opplæring må ta høgde for drift av fem grupper meir enn føreset i gjeldande planrammer. Dette gir ein auka kostnad til drift av opplæringstilbodet i samsvar med tabellen nedanfor:

	Auka kostnad
2016	3,8 mill. kr
2017	7,8 mill. kr
2018	7,0 mill. kr
2019	7,0 mill. kr

Omstillingstiltak for pedagogisk personale

Under teneste 5201 pedagogiske fellesutgifter er det sett av midlar til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Det har i økonomiplanarbeidet dei siste åra ved fleire høve vore omtala at det er stor uvisse knytt til behovet for omstillingsmidlar. Fylkesrådmannen har ikkje før no vurdert det samla behovet for omstillingsmidlar knytt til både oppfølging av vedtaket om skulebruksplan og reduksjonar som følgje av gjennomføring av kortsikte innsparingstiltak i perioden 2016-2019.

Gjennomføringa av vedteken skulebruksplan med ein reduksjon i talet grupper medfører ein reduksjon på tal tilsette med om lag 20 årsverk i 2016. Økonomiplanen legg òg til grunn ei årleg innsparing på drifta av dei vidaregåande skulane hausten 2016 og med heilårseffekt på 18,1 mill. kr frå 2017. Som fylgje av dette er det grunn til å forvente eit overtal på 30-40 pedagogar.

Ved å gjennomføre begge desse innsparingane same år vil ein få ei opphoping av overtalige tilsette. Dette gjer det vanskeleg for fylkeskommunen som arbeidsgivar å finne løysingar for dei tilsette gjennom omplassering og ved naturleg avgang. Fylkesrådmannen rår difor til at ein omdisponerer 5,5 mill kr i 2016 og 6,5 mill kr i 2017 frå midlar til omstillingstiltak for pedagogisk personale (programområde 520) til økonomiske rammer for drift av dei vidaregåande skulane (programområde 521-532). Dette betyr at ein utset iverksetting av innsparingskravet knytt til oppbygging av faga i arbeidsåret med eitt år.

Vaksenopplæring

I tertiar rapport 2/15 er budsjettet for tenesta tilrådd auka med 0,5 mill. kr i 2015.

Som vist i tidlegare budsjett- og økonomiplanarbeid er det fylkesrådmannen si vurdering at nivået på løyvinga til vaksenopplæring er for lågt. Fylkesrådmannen meiner løyvinga til vaksenopplæring bør aukast med 1 mill. kr årleg, frå 3,3 til 4,3 mill. kr, for å få eit akseptabelt omfang av vaksenopplæringstilbodet. Dette er på nivå med løyvinga i 2014, etter ei eittårig styrking finansiert ved omdisponering i opplæringssektoren.

Fylkesrådmannen rår til at budsjettet for vaksenopplæringstenesta årleg vert styrka med 1,0 mill. kr frå 2016.

Oversikt økonomisk verknad særskilde saker:

	2016	2017	2018-2019
Nytt skuleadministrativt system	2,843	1,000	
Gjestelevar - endra lokal forskrift om inntak	1,000	1,000	1,000
Realisering av vedteke innsparingskrav	1,100	2,400	2,400
Drifta av opplæringstilbodet	3,800	7,800	7,000
Vaksenopplæring	1,000	1,000	1,000
Netto endring	9,743	13,200	11,400

Samla økonomisk verknad på ordinært driftsbudsjett

	2016	2017	2018-2019
Vidareføring av budsjettendringar i tertiar rapport 2/15	-3,780	-3,780	-3,780
Nytt skuleadministrativt system	2,843	1,000	
Gjestelevar - endra lokal forskrift om inntak	1,000	1,000	1,000
Realisering av vedteke innsparingskrav	1,100	2,400	2,400
Drift av opplæringstilbodet	3,800	7,800	7,000
Vaksenopplæring	1,000	1,000	1,000
Netto endring	5,963	9,420	7,620

Saldering

Verknaden av budsjettendringane er vist i tabellen nedanfor:

	2016	2017	2018-2019
Finansiersbehov ordinært driftsbudsjett	5,963	9,420	7,620
Forsering av innsparingskrav	-3,020	-2,320	-1,420
Netto innsparing	2,943	7,100	6,200

Fylkesrådmannen rår i arbeidsdokument 5/15 til at den økonomiske ramma for opplæringssektoren vert endra i samsvar med netto verknad av budsjettendringane med 3,0 mill. kr i 2016. Auka behov dei påfølgjande åra bør vurderast å få status som urealisert

innsparingskrav på sektoren. Dette vert å ta stilling til som ein del av økonomiplanarbeidet våren 2016. Midlane er førebels teknisk tilført sektoren.

3. Gjennomføring av innsparingstiltaka i vedteken økonomiplan (2016-2019)

I samband med økonomiplanen vart det vedteke følgjande innsparingstiltak på opplæringssektoren:

	2016	2017	2018	2019
Vidareføring av kortsiktige innsparingstiltak		-5,4	-5,3	-5,4
Oppfølgingstenesta	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
Arbeidslivskontakt	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
Økonomiske rammer for drift av dei vidaregåande skulane	-8,2	-18,1	-18,1	-18,1
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-1,2	-2,5	-3,5	-3,5
Karriererettleiing	-0,6	-1,1	-1,1	-1,1
Lærarressurs open skule	-0,3	-0,7	-0,7	-0,7
Innsparingskrav mot ikkje ferdige iutgreiingar				-25,0
Sum innsparing	-12,2	-29,7	-30,5	-55,7

Under følgjer nærare omtale av tiltaka:

3.1 Vidareføring av kortsiktige innsparingstiltak

Økonomiplan 2016-2019 legg til grunn at dei mellombelse innsparingstiltaka, som vart sette i verk for å få balanse i 2015 og 2016, vert vidareførte på permanent basis.

Eitt av innsparingstiltaka, reduksjon i ramma for skule- og tilbodsstruktur, skal iverksettast først frå hausten 2016. Verknaden i 2016 er rekna til om lag 1,1 mill. kr, med heilårsverknad 2,4 mill. kr frå 2017. Dette innsparingstiltaket var i saksutgreiinga frå fylkesdirektøren knytt til å avvikle Hordalandsavtalen frå hausten 2016 (HO-sak 24/14). Etter vedtak i HO i saka er innsparingskravet uspesifisert.

I arbeidsdokument 5/15 rår fylkesrådmannen til at det utspesifiserte innsparingskravet vert dekkja inn gjennom dei innsparte midlane på sektoren.

3.2 Oppfølgingstenesta

Gjennom iverksetting av vedtaket om organisering av oppfølgingstenesta i HO-sak 8/15, er det frå hausten 2015 realisert innsparing med ein årleg verknad på om lag 0,4 mill. kr. Innsparinga er knytt til endring i stillingsstorleik for OT-koordinatorane ved dei vidaregåande skulane.

3.3 Arbeidslivskontakt

Gjennom vedtak om organisering i HO-sak 07/15, er det frå hausten 2015 realisert innsparing med ein årleg verknad på om lag 1,5 mill. kr. Innsparinga er knytt til endring i arbeidsoppgåver, ressursramme og organisering av arbeidslivskontaktressursen.

3.4 Økonomiske rammer for drift av dei vidaregåande skulane

Økonomiplanen legg til grunn ei årleg innsparing på drifta av dei vidaregåande skulane på 18,1 mill. kr frå hausten 2016. Innsparingstiltaka kan konkretiserast slik:

	2016	2017	2018	2019
Oppbygging av faga i arbeidsåret	5,5	12,0	12,0	12,0
Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2 i kroppsøving og i samfunnsfag	2,1	4,7	4,7	4,7
Reduksjon i tal tilleggstimar til studiespesialisering	0,6	1,4	1,4	1,4
Sum innsparing	8,2	18,1	18,1	18,1

Oppbygging av faga i arbeidsåret

Jf. omtale tidlegare i saka tilrår fylkesdirektøren at iverksetting av tiltaket blir utsett med eitt år. Tiltaket er no føresett sett i verk frå hausten 2017. Heilårsverknad av innsparingstiltaket er rekna

til 12 mill. kr. Fylkesdirektøren har sett i gang eit arbeid for å konkretisere korleis dette kan gjennomførast. Fylkesdirektøren vil presisere at det er uvisse knytt til nivået på innsparing og tidspunktet for når ein oppnår full innsparingseffekt.

Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2

Tiltaket gjeld fellesfaga kroppsøving og samfunnsfag og er føresett sett i verk frå hausten 2016. Heilårsverknad av innsparingstiltaket er rekna til 4,7 mill. kr.

Reduksjon i tal tilleggstimar på studiespesialisering

Tiltaket føreset at tal tilleggstimar på studiespesialisering vert redusert med 5 t pr. veke frå hausten 2016. Reduksjonen gjeld kvar av skulane som får tilført tilleggstimar for å kunne tilby auka breidde i programfag. Skuleåret 2015-2016 gjeld dette 8 skular. Heilårsverknad av innsparingstiltaket er rekna til 1,4 mill. kr.

3.5 Gratis læremiddel/PC-ordninga

Innsparinga på gratis læremiddel er føresett realisert gjennom ledige midlar i den samla løyvinga til gratis læremiddel, og reduserte løyvingar til dei vidaregåande skulane frå hausten 2016.

Innsparinga på PC-ordninga er føresett realisert gjennom at fylkeskommunen frå hausten 2016 ikkje lenger finansierer forsikring på datamaskiner kjøpt gjennom den fylkeskommunale PC-ordninga. Heilårsverknaden av innsparingstiltaket er 0,4 mill. kr.

3.6 Karriererettleiing

Økonomiplanen legg til grunn at den fylkeskommunale løyvinga til føremålet fell bort frå hausten 2016. I vedlegg 12 til økonomiplansaka (tilleggsnotat) heiter det m.a.:

«Fylkesrådmannen vil i samband med budsjettarbeidet for 2016 positivt utgreie vidareføring av karriererettleiingstenesta frå hausten 2016 innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen. Dette til FU og FT si orientering Fylkesdirektøren er i dialog med partnerskapen om korleis tenesta kan organiserast i framtida. Partnerskapen er samd i at det er mogleg å organisere ei karriererettleiingsteneste innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen. Fylkesdirektøren ber om mynde frå hovudutvalet til å organisere tenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor den statlege ramma.

3.7 Lærarressurs open skule

Økonomiplanen legg til grunn at løyvinga til lærarressurs, som del av open skule, fell bort frå hausten 2016.

4. Målekart 2016

I februar 2015 handsama fylkesutvalet sak 18/15 *Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane - arbeid med nytt mål- og strategidokument*. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

- «
1. Mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 - 2015 "God – betre – best!" vert forlenga med to år.
 2. Det vert utarbeidd eit nytt handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017. Handlingsprogrammet skal vere basert på forlenga mål- og strategidokument, med tilpassing opp mot prioriterte område i målekartet for opplæringssektoren.

Nytt handlingsprogram vert lagt fram for hovudutval for opplæring i november 2015.»

Fylkesdirektøren har vurdert den delen av målekartet som gjeld særskilt vidaregåande opplæring opp mot vedtekne planar og framlegget til saldert budsjett for 2016 og rår til at målekartet for 2015 vert vidareført for 2016 med ei justering av ambisjonsnivået for R1:

TENESTEYTING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå
T1: Læringsmiljø	T1.1: Trivsel	T1.1-1: Elevar: 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga T1-2: Lærlingar: 4,5 (skala 1-

	<u>T1.2:</u> Meistring	5). Kjelde: Lærlingundersøkinga <u>T1.2-1:</u> Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga <u>T1.2-2:</u> Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
<u>T2:</u> Læring	<u>T2.1:</u> Karakterutvikling/resultat <u>T2.2:</u> Standpunktkarakter og eksamensresultat i norskfaget	<u>T2.1-1:</u> 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landsgjennomsnittet. <u>T2.1-2:</u> 25 % av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet Bestått mykje godt. <u>T2.2-1:</u> 0,4 karaktergrader i avvik.
<u>T3:</u> Gjennomføring	<u>T3.1:</u> Gjennomføring	<u>T3.1-1:</u> I 2015 skal 77% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2010 ha gjennomført opplæringa.

REGIONAL UTVIKLING

Kritisk suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå
<u>R1:</u> Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidarar.	<u>R1.1:</u> Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass	<u>R1.1-1:</u> 90 % av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)